

L I T T O M L U F S

Skule der folk bur, er ein grunnleggande rett (Opplæringslova §8-1)

LUFS freistar å hjelpe folk med å halde oppe nærmiljø-skulane sine.

Det er ikkje lett, i ei tid då det meste skal handsamast som ei vare etter stykkpris. Slik blir komande slekter ofte vurderte i kommunestyre landet over.

- Nasjonale styresmakter gjer lite for å setje standardar
- Dei grip sjeldan inn når regelverket blir brote

Born, unge, foreldre og lokalsamfunn er no nærast "fritt vilt".

LUFS arbeider for hindre sentralisering ved å

- gje gode argument for at skule i nærmiljøet er verdt å slåst for
- opplyse om korleis slike saker MÅ handsamast i kommunen
- kontrollere at sakstilfang har naudsynt kvalitet
- gje hjelp i høve brevskrivning, klagesaker m.m.
- medverke på folkemøte o.l.

Vi prøver å styrkje nærmiljø-skulane pedagogisk ved å

- kurse lærarar og foreldre

LUFS arbeider òg for å få nasjonale styresmakter til å stogge skulesentraliseringa.

Du finn mykje interessant stoff på nettsidene våre www.lufs.no

Der står adresser og telefonnummer til dei andre i organisasjonen.

Eg har ovanfor sagt noko om kva LUFS prøver å gjere.

Men vi er ein liten organisasjon - rett nok med ei gruppe eldsjeler.

Du må likevel ikkje vente for mykje av oss. Det mest må de nok gjere sjølve.

Dei som er medlemer, får naturlegvis hjelp fyrst.

Bli medlem no – og

- skaffe deg sjølv hjelp til sjølvhjelp!
- gjere ditt for stogge rasinga av nærmiljø-skular i bygd og by!

► Personar : 350 kr

► Skular og andre: 500 kr

Saman er vi sterke!

Med helsing

Torodd Fagerheim
Rådgjevar i LUFS